



Alver kommune

Plan-og bygningsavdeling.

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i Kommuneplanen for Alver etter Plan-og bygningslova(Pbl) prg. 11.5 jfr. prg 11.6 og 11.7 og søknaden om dispensasjon for tiltak langs vassdrag Pbl. prg. 1-8.

Tiltakshavar ber om dispensasjon etter prg. 19.2 i Pbl.

Tiltakshavar eig egedomen gnr. 305 bnr. 94 i Bjørndalsvegen 38 i Alver tidlegare Meland kommune. På denne egedomen er det ei gamal hytte som er i så dårleg forfatning at ho ikkje kan nyttast. Restane etter dette bygget ynskjer tiltakshavar nå å fjerna og erstatte den gamle hytta med ei ny enkel hytte på om lag 27 kvm. Sjå teikning.

I føresegner til arealdelen pkt. 3.2.3 tabell 9.2 i kommuneplanen for Alver del Meland kommune er denne egedomen oppført som godkjent bygd hytteeigedom i LNF-område.

Etter same føresegn pkt 3.2.2. kan det på slike egedomar oppførast tilbygg/påbygg der samla bruksareal for alle bygg er inntil 100 kvm. utan dispensasjon frå bygging i LNF-område og bygging innafor 100m beltet i vassdrag .

Dersom omsøkt bygg på 27 kvm. kan tolkast som tilbygg til eksisterande gamal hytte som etterpå skal fjernast, vil det ikkje vera naudsynt med dispensasjon frå Kommuneplan sin arealdel eller bygging nær vassdrag. Dersom regelverket ikkje kan tolkast på denne måten ber tiltakshavar om at det vert gitt dispensasjon frå Pbl. prg 11.5 og prg. 1-8 for omsøkt tiltak med heimel etter Pbl. 19.2.

Vilkåra for dispensasjonen er klart tilstades sidan egedomen i kommuneplanen alt er registrert som godkjent bygd egedom i LNF-område og tiltaket skal erstatta eit tidlegare godkjent tiltak. Tiltaket som det vert søkt om dispensasjon for er ei lita enkel hytte på 27 kvm. Hytta skal plasserast om lag på same staden som den gamle hytta stod. Egedomen som hytta ligg, på grensar mot Rylandsvatnet, men strandsona er brattlent og lite tilgjengeleg for alminneleg ferdsel og er såleis ikkje egna for friluftsføremål.

Hytta skal ikkje ha innlagd vatn og har såleis ikkje krav om særskilt utsleppsløyve med mogeleg ureining av Rylandsvatnet.

Tilkomsten til hytta skjer på same måte som tidlegare med ein sti frå Bjørndalsvegen fram til egedomen over gnr. 305 bnr. 39. Egedomen bnr. 94 har tilkomstrett over denne stien samt avtale med eigar av bnr. 39 om parkeringsplass på bnr. 39 sin egedom.

#### **Tilhøvet til Forvaltningsplanen for Rylandsvassdraget.**

Sidan tiltaket ikkje endrar status i høve til bruk eller utvida bygg eller storleik på bygg med meir aktivitet enn det var då forvaltningsplanen var utforma og godkjent, kan ein ikkje sjå at omsøkt tiltak kjem i konflikt med denne forvaltningsplanen og dispensasjon frå denne planen skal då ikkje vera naudsynt.

**Eitt-stegs søknadshandsaming:**

Dersom regelverket vert tolka slik at dispensasjon ikkje er naudsynt, ber ein om at søknaden vert handsama som eit eitt-stegs søknad sjølv om det i søknaden er søkt om rammeløyve grunna mogeleg dispensasjonskrav.

Tiltakshavar ber om at saka vert handsama på enklaste måte og innan så kort tid som mogeleg.

Frekhaug 27.04..2020.

For tiltakshavar Yvonne Mirosława Rouppert.

Ansvarleg søkjar.

Jens H. N. Bjordal føretaknr. 919752567

